



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 4

Oktober 2016

59. årgang



50-årskonfirmantar i Brekke kyrkje 2. oktober 2016. (Namn inni bladet)

REDAKSJON: Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik anne.ryssdal.tveit@enivest.net

KORREKTUR: Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

BANKGIROKONTO: 3817 15 51282
Kontingenten er fri.

TRYKKERI: Norengros, 3701 Skien

SOKNEPREST i GULEN, BREKKE OG MJØMNA SOKN: Jens Linde, 5966 Eivindvik. Tlf. 97509035
jens.linde@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389
post@gulen.kyrkja.no Kontor:Ikkje onsd.

KONTORPERSONALE:
Margrethe Skåden, Tlf. 57782093
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

SOKNERÅD/FELLESRÅD:
Gulen sokn: Irene Mongstad. Tlf. 91151993. irene.mongstad@enivest.net

Brekke sokn: Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. cawaatveit@hotmail.com

Mjømna sokn: Bente Haugen. Tlf. 99264861. bente.haugen@enivest.net

Fellesråd: Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. malfrid.undertun@enivest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:
www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: Viss du er på Facebook, kan du gå inn på «Kyrkja i Gulen» og «like» sida vår. Her legg vi ut informasjon fortløpande om ting som skjer, for eksempel om endringar som er komne til etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkjekontoret er redaktør for både heimesida og facebooksidea.

Redaksjonen

På grunn av bispevisitasen har vi gitt visitasmeldinga mesteparten av plassen i dette nummeret av kyrkje-lydsbladet.

Framfor ein visitas skal sokneråda, presten og kyrkjeverja lage ei melding om utviklinga i lokalkyrkja. Denne blir kalla «visitasmelding», og er ein kunnskapsbakgrunn for biskopen, slik at han er førebudd når han kjem. Då kan ein bruke tida meir effektivt på sjølve visitasen og få konsentrert seg om det som er vesentleg å få diskutert.

Neste nummer av bladet kjem til jul. Siste frist for innlevering: 1.desember. Redaksjonen er takksam for alle innspel, store og små.



Program for visitasen:

TYSDAG 25. 10.:

09.00: Møte med stabane i Gulen og Masfjorden. Stad: Sandnes.

11.30: Møte med kommuneleiinga i Gulen og Masfjorden. Stad: Sandnes

15.00: Møte med KRLE-lærarane og rektorane i begge kommunane. Stad: Brekke skule.

16.00: Konfirmanttime med alle konfirmantane i begge kommunane.
Stad: Brekke kyrkje.

17.30: Middag. Stad: Brekke.

20.00: Frivilligfest. Stad: Dalsøyra samfunnshus.

ONSDAG 26.10.:

08.30: Møte med kyrkjelyds-
pedagogane og andre i staben som
arbeider med trusopplæring.

Stad: Eivindvik, kommunehuset.

09.45: Møte med elevar på Eivindvik
skule og barnehage. Stad: Eivindvik
skule.

11.00: Kunstutstilling ved elevar/trus-
opplæringsprosjekt. Stad: Dalsøyra
skule.

12.00: Lunsj. Stad: Vidsyn, Sløvåg.

14.00: Familiegudsteneste. Stad:
Byrknes bedehusapell.

16.00: Middag. Stad: Vidsyn, Sløvåg.

18.00: Møte med soknerådsleiarar og
fellesrådsleiar. Stad: Klubbhuset på
Hosteland.

18.30: Felles soknerådsmøte/felles-
råda. Stad: Klubbhuset på Hosteland.

TORSDAG 27.10.:

08.30: Møte med lokale prestar. Stad:
Frøyset kyrkjestove.

10.00: Møte med alle prestane i
prostiet. Stad: Frøyset kyrkjestove.

13.00: Gudsteneste. Stad: Frøyset
kyrkje.

15.00: Møte med BKK. Stad: Matre.

SØNDAG 30.10.:

10.00: Pilegrimsvandring frå Kross-
teigen. Stad: Eivindvik.

11.00: Visitasgudsteneste med visitas-
foredrag. Stad: Gulen kyrkje.

VISITASMELDING

for sokna Gulen, Brekke og Mjømna 2016

(I samarbeid med kyrkjevevja har redak-
sjonen redigert meldinga noko.)

Kort historisk riss sidan førre visitas:

Førre visitas i Gulen var i mars 1998
ved biskop Ole D. Hagesæter.

Visitasen hadde overskrifta: *Vekkje og
nære det kristelegelivet*. Biskopen
rådte m.a. til at dåpsopplæringa måtte
få prioritet når kristendomsfaget vart
endra. - At ein skapte møteplassar for
medarbeidarar og frivillige, - hadde
medviten gudstenestesatsing, og kalla
dei gamle til forbønsteneste.

Arbeidet har på mange måtar vore
langs desse linjene. Vi har fått laga
trusopplæringsplan og fått statlege
ressursar, som saman med kommu-
nale ressursar gjer at vi har ei 40 %
stilling. Vi hadde ei tid ei felles
diakonstilling med andre kommunar i
Ytre Sogn prosti. Ved skifte av folk i
stillinga, gjekk Gulen ut av samarbei-
det og har i dag ikkje nokon diakonat
tilsett.

Gulen vart frå 06.03.2013 tilhøyrande
Nordhordland prosti, etter at Ytre
Sogn prosti vart lagt ned. Pr. no vert
Solund, Gulen og Masfjorden kom-
munar sett i samanheng når det gjeld
presteressursar, og etter 01.08.2015
vart dei reduserte frå 300 % til 250 %.
Ved førre visitas var Berit Bjørnerud
prest (til 2002). Frå 2003 til 2011 var

Jens Linde prest, i 2012-2015 Kjell Svarstad. I lengre periodar var det inne vikarar, og frå 2015 vart Jens Linde prest i Gulen sokn, Bjørn Magne Hansen i Mjømna sokn og Audun Systad i Brekke sokn. Frå 01.09.2016 er Jens Linde prest i alle tre sokna i Gulen kommune. Kyrkjeverja har hatt permisjon frå stillinga frå 1999 til 2011 pga. politiske verv. I hennar permisjon har Agnar Mostrøm, Hildegunn Rutledal og Rune Ziener vore tilsette. Organist Kristofer Tveit gjekk av med pensjon i 2013, og ny organist, Peter Tiborc Jobbagy, vart tilsett.

Tilhøva i prestegjeldet/kommunen


Distriktet

Gulen kommune er 596 km². Gulen, Masfjorden og Solund har til saman eit areal på 1.380 km². Til samanlikning har resten av Nordhordland prosti eit areal på 1.158 km². I Gulen er det kome bru til, og mellom, dei tre største øyane, der Mjømna sokn er. Det er jamt over dårlege vegar og lange avstandar internt i kommunen.

Folketalet i Gulen har over tid gått ned, men dei siste åra har det igjen vore ein auke, og er no på 2.370 (01.01.2016). Gulen har hatt ei meir positiv utvikling enn mange av kommunane i Sogn og Fjordane, og kom t.d. godt ut på statistikken som NHO lagar for kommunenoreg. Det er skapt fleire nye bedrifter og arbeidsplassar.

Særleg knytt til miljøet i Sløvåg og Skipavika har det vore ein stor vekst. Det er også ganske mange tilflyttarar med utanlandsk opprinnelse og ein del gjestearbeidarar.

Gulen kommune har teke imot flyktningar; først slike som kom «av seg sjølv» fordi det var arbeid å få, og no også som ein del av busettingsprogrammet til regjeringa. Folk bur svært spreidd. Gulen har fire ganske jamstore senter (Brekke, Eivindvik, Dalsøyra og Byrknes) som også har kvar sin kombinerte barne- og ungdomsskule og kvar sitt bu- og omsorgssenter.



Oversiktskart der oransje ring syner Solund, Gulen og Masfjorden. Gul ring syner resten av Nordhordland prosti.

Avstandar:

Mjømna- Eivindvik: ca. 60 min.

Brekke-Eivindvik: ca. 50 min.

Mjømna-Brekke: ca. 70 min.

Solheim-Brekke: ca. 20 min.

Reisetid mellom kommunesentra:

Hardbakke-Eivindvik: ca. 50 min. + ferje 40 min. Totalt 90 min. (Ferja går ikkje midt på dagen, så då må ein køyre via Lavik; ca. 110 min. + to ferjer, 40 + 20 min.)
 Eivindvik-Sandnes: ca. 60 min. + ferje.
 Sandnes-Hardbakke: ca. 90 min. + to ferjer (40 + 10 min.)

Folkekyrkja:

Gulen kommune er eit typisk «folkekyrkjeområde». Ca. 90 % av innbyggjarane er medlemmer i kyrkja. Oppslutninga rundt dåp og konfirmasjon er rundt 100 %, og mange utflytte nyttar «heimekyrkja» til både dåp og bryllaup. Statistikken for dei siste åtte åra ser slik ut:

	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Medlem og tilhøyrande i Dnk:	2154	2117	2104	2098	2058	2059	2039	2000
Innmelde i Dnk:	0	0	1	1	0	0	0	1
Utmeldeav Dnk:	5	3	1	2	0	1	5	2
Døypte	23	24	16	26	20	24	21	24
Konfirmerte:	26	41	38	30	32	36	22	31
Kyrkjelege vigslar utført:	3	10	11	8	12	10	10	6
Kyrkjelege gravferder utf.	34	29	31	29	21	23	21	26
Gudstenester søn- og helgedagar:	60	65	64	60	61	57	64	56
Deltakarar gudstenester:	3759	4392	3542	3727	4123	4186	3887	3560
Gudstenester m. nattverd:	31	31	35	29	30	33	38	38
Antall til nattverd:	527	611	651	653	565	752	932	755
Julaftangudstenester:	3	3	3	3	3	3	3	3
Deltakarar julaftangudst.:	462	507	328	602	309	336	296	386
Tal born som mottok 4-årsbok:	30	18	21	26	18	18	7	14
Offer/kollekt	149083	154327	153943	165470	108978	130355	141755	128039
Gjevarteneste	0	0	0	0	0	19800	6600	14200
Andre innsamlingar	22713	29355	49092	34616	25463	90400	42386	44503

Den kristelege aktiviteten

Det er lite anna organisert kristen aktivitet i bygdene våre.

Faste samlingar for andre trus-samfunn må ein reise til Knarvik eller Førde for å finne.

På bedehusa i Brekke og på Byrknesøy er det litt aktivitet delar av året. Her finn ein m.a. Yngres,

Barneforeining, Onsdagsklubb på Sandøy og Tysdagskafe og Sprell levande (søndagsskule) i Brekke. Utanom det er det få andre tilbod for trusopplæring enn kyrkja sitt. Kyrkja sitt arbeid innan trusopplæring er derfor svært avgjerande for rekrutteringa. For barnarbeid/trus-

opplæring er det vår erfaring at avstandar og lokalmiljø er avgjerande for om ein lukkast. Dess yngre born, dess viktigare at tilbodet er i nærleiken. Det er relativt lett å få frivillige til å gjere avgrensa dugnadsarbeid på kyrkjebygga, og med å legge til rette for markeringar og særskilde tiltak. Men det er svært få som seier ja til å ta på seg leiaransvar eller til å halde andakt /drive trusopplæring. Sokna har vore utfordra på å sende inn framlegg på personar som kan ta lekmannsgudstenester. Ingen av sokna har klart å finne folk som er villige til å ta på seg slik ”fast” teneste. Gulen kommune er det ein kan kalle «eit grisgrendt strok», og kyrkja her har mange kjenneteikn på det.

- * Mange naturlege nettverk som familie og nabolag
- * Dugnadsånd og vilje til ansvar
- * Tette band mellom kyrkje og folk, kyrkje og kommune
- * Små einingar gjer det krevjande å drive trusopplæring, diakoni og gudstenesteliv
- * Små kyrkjestabar, spreidd lokalisert, og mykje deltid
- * Kyrkjelege reformer som ”skyt sporv med kanonar” synest unødvendige
- * Sterk kristen tradisjon knytt til høgtider og viktige livshendingar
- * Kyrkjeleg lokalpatriotisme

Råd og tilsette

Fellesrådsstillingar:

Kyrkjeverje 80 %, organist 60 % (kombinert med) trusopplærar 40 %, kontorfullmektig 20 %, kyrkjetenar i kvar kyrkje (17, 14 og 9 %), klokkarar 5 % og 4 % og i eitt sokn (Brekke) er arbeidet gjort på dugnad, og soknet får avsett lønn.

Solund og Gulen kommunar er felles eining for trusopplæring, men har ikkje felles opplæring i praksis pga avstandane.

Særlege tilhøve:

Frå hausten 2011 har kyrkjeverja ikkje berre vore dagleg leiar for fellesrådet, men også for sokneråda. Grunnen er at ein såg det var stort behov for samordning og betre informasjonsflyt. Særleg var det trong for det i dei åra der ein ikkje hadde eigen fast prest, og «ingen» hadde oversikt over heilskapen. Etter lova er det berre fellesrådet som har krav på ein dagleg leiar, og dermed at kommunen skal dekke det. Men vi har altså valt å prioritere det innanfor knappe midlar. Det betyr at anna må prioriterast ned. Men vi trur det blir endå vanskelegare å rekruttere inn til sokneråda, og særleg til å vere leiar, dersom dei ikkje har tilrettelegging og oppfølging frå tilsette. I «Plan for kyrkja i Gulen» heiter det at sokneråda skal ha sekretærhjelp. Dei tre sokna Gulen, Brekke og Mjømna har kvar sine sokneråd, med sju medlemmer. Gulen kyrkjelege fellesråd er samansett av to frå kvart

sokneråd, ein frå kommunen (vara-ordførar) og ein prest (p.t. prosten).

Brekke sokneråd:

Leiar Cathrine Waage Tveit, nestleiar Bjarne Tynning, Kristin Kjelby, Sissel A. Kvame, Turid Strømsnes, Magnus Oppedal, Jens Linde.

Varamedlemer: Johnny Langvatn, Bodil Vågseth, Anne Gunn Ynnesdal, Jan Even Østerbø, Else Karin Vedå, Bjørn Magne Hansen.

Gulen sokneråd:

Leiar Irene Mongstad, nestleiar Maike Norman Bøe, Jan Henrik Leknes, Målfrid Undertun, Iddi Glenjen, Signe Baarøy, Jens Linde.

Varamedlemer: Nina Kolås Rutledal, Kjellfrid Berge, Kåre Tveit, Vibeche Austgulen, Gunnar Nesse, Bjørn Magne Hansen.



Frå eit møte i Mjømna sokneråd

Mjømna sokneråd:

Leiar Bente Haugen, nestleiar Anne E. Ytreøy, Kjell Kversøy, Kristin Mjanger, Inger A. Einebærholm, Arve Mjømen, Jens Linde.

Varamedlemer: Mina Andreassen, Sølvi-Ann Oddekalv, Sissel Unneland, Ann-Helen Birknes, Bjørn Magne Hansen.

Gulen kyrkjelege fellestråd:

Leiar Målfrid Undertun, nestleiar Sissel A. Kvame, Iddi Glenjen, Magnus Oppedal, Kjell Kversøy, Inger Alise Einebærholm, Geir Sørebo (prest), Odd Harald Eide (kommunen).

Varamedlemer Jan Leknes, Signe Baarøy, Turid Strømsnes, Kristin Kjelby, Anne E. Ytreøy, Kristin Mjanger, Jens Linde (prest), Bjarne Undertun (kommunen).

Planar, strategi og mål

Gulen kyrkjelege fellestråd (GKF) vedtok i sak 24/14 «Plan for kyrkja i Gulen, 2015-2019».

Visjonen for kyrkja i Gulen er: «Nær Gud, nær menneske».

I sak 17/14 vart det vedteke at Diakoniplanen vart ein del av denne.

Trusopplæringsplanen (vedteken i 2012) er eit vedlegg til planen, og det er nyleg vedteke ein handlingsplan for kyrkjemusikk.

Plan for kyrkja i Gulen er bygd opp med åtte tema:

Barne- og ungdomsarbeid, Diakoni og samfunnsengasjement, Gudsteneste og kyrkjemusikk, Evangelisering og misjon, Informasjon, Kyrkje og kyrkjegard, Frivillige medarbeidarar, og Kyrkjekontor og personalpolitikk. På alle tema er det felles målsettingar for sokna og fellestrådet, og så har kvart sokn sine handlingspunkt. Det var eit stort arbeid å lage ein «samla» plan, men no er han eit nyttig verktøy å styre etter. Planen har vore

på høyring m.a. til Gulen kommune. Kommunestyret har slutta seg til han, og slik sett gjev han også retning og grunnlag for samarbeidet med kommunen.

Planen ligg som vedlegg til visitas-meldinga.

Prestetenesta

Fram til sommaren 2015 hadde Gulen kommune «sin eigen» prest, som hadde teneste i dei tre sokna i kommunen. Geografien og den spreidde busetnaden i kommunen gjorde det allereie fram til 2015 særskildt krevjande å utføre §2 i «tenesteordning for kyrkjelydsprestar». Det vart likevel utført noko kyrkjelydsarbeid, slik som Alphakurs og familiararbeid m.m. Men oppgåvene fram til 2015 gjorde det vanskeleg å ta ut to fridagar pr. veke.

Når prestetenesta vart kuttet ned frå 300 % til 250 % i Solund, Gulen og Masfjorden, vart kvardagen for presten endå meir krevjande, og det vart stort sett ikkje tid til å gjere noko anna enn dei naudsynte, lovpålagde oppgåvene.

Pr. dato rekk ein ikkje over alle lovpålagde oppgåver, og ein må prioritere særskildt stramt. Dei som lir mest under dette, er sjukeheimar og eldre-sentra. Men også den viktige kontakten med folk i til dømes minnesamvær og bæreandaktar, forsvinn. Presten vert etter kvart ein som berre stikk innom her og der for å utføre naudsynte oppgåver utan tid til noko anna.

Organiseringa som tok til hausten 2015, der éin prest hadde ansvaret for Gulen sokn og heile Masfjorden, synt seg å ikkje vera det mest gunstige, og ein såg at dette ikkje var forsvarleg å halde fram med.

Kyrkja i Gulen kommune og kyrkja i Masfjorden kommune er så pass ulike i både organisering av det kyrkjelege arbeidet og den praktiske kvardagen, at kontinuerleg omstilling frå Gulen til Masfjorden vart særskildt krevjande.

Berre det å skulle forhalde seg til to kontor som er organiserte og fungerer ganske ulikt, vart krevjande. I tillegg kom køyring over store avstandar.

Det vart også krevjande for kyrkje-verja, kontorfullmektig og organist å forhalde seg til tre ulike prestar.

Konfirmantarbeidet og anna trustopplæringsarbeid vart meir komplisert og kravde mykje arbeid med organiseringa. Ein opplevde også at folk flest ikkje skjønnte organiseringa, og soknepresten i Gulen sokn fekk mange telefonar frå folk i både Brekke sokn og Mjømna sokn som eigentleg skulle gått til dei andre prestane.

Prestetenesta vart difor omorganisert pr. 1. september 2016 slik at éin og same presten har sokneprestansvaret for dei tre sokna i Gulen kommune samt Solheim sokn i Masfjorden.

Opplevinga ein fekk etter omorganiseringa i 2015, var at prestetenesta i sokna Gulen, Brekke og Mjømna vart pulverisert. Ein opplever difor at organiseringa som tok til 1. september 2016, med same prest i heile Gulen

kommune pluss Solheim sokn, fungerer mykje betre enn den tidlegare organiseringa. Men prestetenesta er framleis særskild krevjande. Folk får opplevinga av at ein aldri ser presten! Dette blir ofte sagt av folk.

Den nye arbeidstidsavtalen for prestar set ekstra store krav til stram prioritering. Som ein vil sjå i «Tid-Norge» vert det over tid opparbeidd mange plusstimar som skal avspaserast, sjølv om ein ikkje gjer noko anna enn dei lovpliktige og naudsynte oppgåvene. Dette kan ikkje halde over fleire år, og bispedømet står her overfor store utfordringar med korleis ein skal leggje til rette for prestetenesta slik at presten trivst og opplever ein god og fornuftig arbeidssituasjon!

Som ein ser i statistikken, står folkekyrkja sterkt i Gulen kommune! Kyrkja er viktig for lokalbefolkninga og blir flittig brukt ved dåp, konfirmasjon og gravferd. Me opplever, som alle andre, at vigseltala går ned.

Distrikta har gjennom dei siste 10–20 åra vore under hardt press i den offentlege tenesteytinga. Offentlege tenesteytingar vert sentraliserte, og folk sit med opplevinga av å heile tida bli fråtekne viktige ting. Siste års omorganiseringar i kyrkja gjer at ein no tek til å spørje: Skal vi no også mista kyrkja vår??!

Utfordringa i Gulen kommune er å gjere kyrkja og dei «vanlege» gudstenestene meir attraktive for folk flest, ikkje minst for unge menneske og familiar med born. Gjennomsnittsalderen er på «vanlege» gudstenester

forholdsvis høg. Tilsiget av nye gudstenestedeltakarar er ikkje stort.

Dersom ein ikkje i desse åra gjer tiltak for å nå dei unge familiane, vil kyrkja dø ein stille død!

Arbeidet med å fornye gudstenesta har ein så smått teke til med, og biskopen har gjeve løyve til at ein gjennom det neste året gjer nokre forsøk og prøver ut ting for å gjere gudstenesta meir attraktiv for den unge generasjonen. Tanken om at borna ER kyrkjelyden og ikkje framtidens kyrkjelyd, må her framhevast.



Kyrkjene i Gulen kommune er, som det kjem fram i neste avsnitt, gamle, tradisjonelle kyrkjer som ikkje har sidelokalar til kyrkjelydsarbeid m.m. Dette gjev oss nokre utfordringar i gudstenesta i møte med borna og dei unge familiane. Borna må vere til stades i kyrkjeskipet under heile gudstenesta, og kan til dømes ikkje gå til søndagsskule eller liknande under preika. Ein arbeider med leikekrok bak i kyrkjeskipa for å gje borna eit tilbod. Samstundes må borna bli møtt og få oppleve at enkelte ledd i gudstenesta er tilpassa dei. Dagens utfordringar, ikkje minst i møte med dei

unge familiane, set krav til både sokneråd, kyrkjeleg tilsette og prest om å tenke strategisk og nytt slik at framtidens kyrkje veks.

Kyrkjer og kyrkjegardar

Gulen har tre kyrkjer; Brekke, Gulen og Mjømna. Alle er vanlege langkyrkjer i tre. Brekke og Gulen er frå 1862 og 1863, medan Mjømna er frå 1901. Gulen kyrkje står på ein gammal kyrkjeplass, og har røter tilbake til Gulatinget og kristninga av Noreg. Gulen kyrkje er den einaste av kyrkjene som er listeført (dvs. har vernestatus) hos Riksantikvaren.



I 2008 gjorde biskopen eit vedtak om at både Tusenårsstaden Gulatinget og Skjerjehamn ved Olavsstatuen vart førehandsgodkjende som vigslingsstader. Godkjenninga for Skjerjehamn er etter kva vi nett har fått melding om, trekt attende.

Kyrkjene vil i 2016 få nytt brannvarslingsanlegg.

Gulen kyrkje vart malt i 2015, og vi prøver å ha ei rullering på større vedlikehald. Alt større vedlikehald vert kjøpt inn frå eksterne firma. I samband med 150-årsjubilea til både Brekke og Gulen kyrkjer vart det utført eit stort dugnadsarbeid frå

sokneråda/frivillige med oppussing. Mellom anna vart dåpssakristia begge stader pussa opp og gitt ein kjøkkenfunksjon i tillegg. Prestesakristia er ikkje eigna som arbeidsplass, og vert heller ikkje nytta til det. I Brekke kyrkje er soknerådet i gang med eit større dugnadsarbeid på å sette inn nye toalett i kyrkja. Og på Mjømna er det gjort vedtak om å sette opp flaumlis, også det på dugnad. Sokneråda i Brekke og Gulen har teke bort benkar bak i kyrkja, og slik fått ein grei plass til born og til kyrkjekaffi, noko dei har på alle gudstenester. Mjømna sokn har siste året fått godkjenning på å gjere det same, og det arbeidet vil bli sett i gang.

I tillegg blir det elektriske anlegget i kyrkjene sjekka og forbetringar utførte jamleg. Alle røyromnane har fått deksel for å hindre at nokon brenner seg på dei.

Orgelet i Gulen kyrkje, som var nytt i 1996, vart måla i 2013, og det har hatt sørvis i 2016. Det er i år også utført eit større vedlikehaldsarbeid på orgelet i Brekke kyrkje. Orgelet i Mjømna vart i 2014 utbygd med digital pedalbass.

Kyrkja har ein tenesteytingsavtale med kommunen, og ikkje eigne tilsette på drift og vedlikehald. Avtalen er til revisjon, då han ikkje dekker alle behova kyrkja har, og heller ikkje er rett prisa. Ordninga fungerer for det meste, men ikkje heilt godt på dag-til-dag drifta. Kommunen har hatt gravinga ute på anbod, og vi har godt samarbeid med dei som har arbeidet.

Ved kvar kyrkje er det ein kyrkjegard. I tillegg er det for Gulen sokn ein gravplass i Rutle, og for Brekke sokn éin på Oppedal. Det er registrert tre gamle koleragravstader, der den på Griggusøyna er den best bevarte.



Mjømna kyrkjegard har dårleg jordsmonn (leire), og det er i inneverande år løyvd midlar og sett i gang planlegging for å ta att det eine feltet. Dette er pr. no den kyrkjegarden der det er minst plass. Og vi må vurdere utviding.



På Gulen kyrkjegard har det siste åra vore gjennomført arbeid på tre gravfelt og blitt frigjort fleire graver for ny bruk. Det er gjort ved masseutskifting og heving av arealet. Ein har halde fast på det gamle kartet.

På Brekke kyrkjegard fyllest den nye delen opp, og vi tar i bruk (gjenbruk) plassen oppe ved kyrkja. På nordsida av kyrkja er det laga nytt kart med nye mål for gravene.



Kyrkjeleg fellesråd har i 2016 fått laga og godkjent nye gravferdsforskrifter. (Dei vil bli gjort gjeldande frå endeleg vedtak i fellesrådet.)

I desse vil generell fredingstid i Gulen gå ned frå 40 til 30 år. (Lovkravet er 20 år.)

Sommarvedlikehaldet på gravplassane har vore jamt bra dei seinare åra. Nokre klager får vi, og særleg i starten av sesongen er det krevjande å halde det fint. Det heng saman med at teknisk etat bruker skuleungdom som ferievikarar, og derfor ikkje er godt bemanna før i juni.

Det er mange gravsteinar som står skeive, og i år var det også mange som hadde velta. Det skuldast tele. Samtidig har vi blitt flinkare til å legge ned dei som ikkje er skikkeleg festa, slik at dei ikkje skal utgjere nokon fare. Festar av grava vil då få melding om å ordne steinen.

Kyrkja har avtale med eit firma i Førde som kan gjere arbeidet, men det

er også andre lokale tilbydarar som folk kan kontakte. Det er ei stor utfordring at vi for mange graver ikkje har namn på pårørande. Ved å innføre festeavgifter som blir kravd inn kvart 5. år, har det betra seg. For å finne fram til pårørande set vi opp «gule lappar» på gravsteinane. Vi har også hatt god hjelp av frivillige med stor lokalkunnskap.


Det er både store og små tiltak som må gjerast for at gravplassane skal framstå slik vi vil ha dei. M.a. manglar det gjerde nokon stader, og gammalt gjerde må erstattast. Det er ein stor kostnad som har tapt i prioriteringskampen så langt.

I 2016 gjorde kommunestyret, etter råd frå GKF, vedtak om ein monaleg auke i festeavgifta frå kr. 115,00 til kr. 200 pr. år.

Det er ei harmonisering til andre kommunar i prostiet, og gir auka inntekter til å kunne halde gravplassane betre i stand.

Økonomi

Tilskot frå kommunen:



Blått er økonomisk overføring drift, raudt er tenesteyting, og grønt er investering.

Største inntektskjelda til kyrkja i Gulen er kommunen, som i samsvar

med kva kyrkjelova (§ 15) krev, syter for økonomi til drift. For 2016 fekk vi kr. 2.658.000,00, der kr. 513.700,00 utgjorde tenestekjøp. I tillegg har vi fått ei ekstraløyving på kr. 650.000 til investering på Mjømna kyrkjegard.

I 2012 var det tilskot til reparasjon av tak, i 2013 til maling, i 2015 til Gulen gravplass, og i 2016 (ikkje rekneskapstal) til Mjømna gravplass.

Frå 2016 vert det årleg lagt inn kr. 150.000 til investeringar.

M.a. kan det nyttast til avdrag på lån, slik at kyrkjene våre får del i rentekompensasjonsordninga som gjeld for kyrkjer.

Det er berre Gulen sokneråd som har fast gjevarteneste, som går utan bindingar til drift av soknet.

Det er mest vanleg med innsamlingar til bestemte arbeid, og då særleg til slikt som nye salmebøker, høgtalaranlegg, mindre vedlikehald, flaumlys o.l., som ikkje har fått prioritet på fellestrådet sitt budsjett, og som soknet vil framskande.

Kyrkjelydsbladet er drive på dugnad.

Det er ikkje faste bladpangar, men ein giro i bladet kvart/annakvart år gjev inntekter nok til drifta.

Sokneråda har vedteke å ha offer i kvar gudsteneste. Om lag halvparten går til eige arbeid.

Sluttord

Folkekyrkja står sterk i Gulen kommune, med stor oppslutnad om dei kyrkjelege handlingane. Utfordringa er å auke talet på gudstenestedeltakar-

ar ved den vanlege gudstenesta og auke kyrkjelydens involvering i gudstenesta. Dei tre sokneråda ynskjer å tenkje nytt, og arbeider med problemstillinga.

Vi er godt i gang med trusopplæringsarbeidet og har fått innarbeid m.a. Tårnagentar og Lys Vaken.

Konfirmantarbeidet har vorte fornya og har 100 % tilslutnad. Men store avstandar og små ressursar set grenser for aktivitetsnivået.

Staben på kyrkjekontoret er liten, og det vert sett store krav til effektivitet for å få gjennomført dei dagelege og naudsynte oppgåvene.

Med kutt i prestenesta det siste året vert det sett endå høgare krav til denne enn tidlegare.

Folk treng kyrkja, og kyrkja treng folk! Å sette menneske i stand til å ta frivillige leiaroppgåver i lokalkyrkja er eitt av dei fremste strategiske måla for å styrke og bygge kristent fellesskap.


Framtida vil utfordre kyrkja på å vere attraktiv mellom alle dagens tilbod. Evangeliet om Jesus Kristus er det same som det alltid har vore. Men kyrkja blir utfordra på korleis ein gjer evangeliet dagsaktuelt for folk flest.

Kyrkja treng villige hender som vil tene Gud og nesten, men ho krev også at ein tek vare på og held i stand kyrkjebygga slik at dei kan vere tenlege reiskapar i kyrkjelyden sitt arbeid.

Vi kan ikkje gjere alt på ein gong. Men steg for steg vil vi byggje vidare

på det gode i Gulen kommune til ære for Gud og til glede og gagn for menneske idet vi ser framover og går inn i den tenesta og dei oppgåvene Herren legg til rette for oss.

Vi vil leve opp til visjonen til kyrkja i Gulen: «Nær Gud, nær menneske»



Velkomen til konsert i Gulen kyrkje!



Jølster Musikklag

Søndag 13. november kl. 18.00 er du velkomen til storkonsert i Gulen kyrkje!

Det er Jølster musikklag, Norges korforbund, Sogn og Fjordane og Bjørgvin kirkesangforbund som inviterer til konsert. Publikum får høyre flott brassbandmusikk, vakker song frå barne- og ungdomskor, damekor og mannskor. Konserten blir avslutta med fellesnummeret «Requiem» av Gabriel Fauré, som blir sunge av 70

songarar i alderen 10–70 år, med tonefølgje av Jølster musikklag. Det er stas med slike samarbeidsprosjekt! Me er stolte over å kunne tilby publikum slike konsertopplevingar, der samarbeidet både går over kommunegrensene og dei musikalske grensene.

Velkomen til konsert!

Billettar blir selde ved inngangen: Vaksne kr. 200,-, barn og ungdom kr. 100,-, familie kr. 400,-

Medverkande: Jølster musikklag, Førde kyrkjekor, Damekoret Cora, Enkeltsongarar, Naustdal jentekor, Førde ungdomskor, Jentekoret i Korskulen i Førde kyrkje, Imke Schüren, Anton Proskurnin, Gro Anthun og Arvid Anthun.

Mvh Arrangøren

Flaumlys på Mjømna kyrkje til jul?

Mjømna sokneråd har bestemt at det skal settast opp flaumlys ved kyrkja. Mjømna kyrkje ligg i utkanten av bygda, og der er heller ikkje gatelys. Ei opplyst kyrkje vil vere både flott og nyttig.

Tenk berre på dei som fer forbi på sjøen og vil få det vakre synet av kyrkja, og vite at no kjem dei til Mjømna.

Fellesrådet har løyvt kr. 20.000,00 i tilskot.

Det som kjem i tillegg, vil soknerådet spørje om støtte til både frå lokalt næringsliv og privatpersonar.

Mykje av arbeidet vil bli gjort på

dugnad.

Viss du allereie no har lyst å yte til føremålet, så er kontonummeret: 3817 15 51282, og merk gåva med «*Flaumlys Mjømna*».



Eigaren sjølv

Vi har nett hatt tilsyn på dei elektriske anlegga i kyrkjene.

Og i den samanhengen diskuterte vi litt om kva som var største faren for at ei kyrkje skulle ta fyr, og korleis vi best skulle førebygge det.

Kyrkjevevja meinte det var heller liten fare for at folk skulle tenne på kyrkja, men at det elektriske anlegget, for ikkje å snakke om lynnedslag, var det som utgjorde størst risiko.

Då kom det kjapt frå kontrolløren:

«Ja, og vert det lynnedslag, så får du ikkje noko att på forsikringa heller».

«Hæ? Er vi ikkje forsikra mot det??»

«Nei, for då er det vel eigaren sjølv som har fyrte på».....

«Tid for Tru»: fem sosiale kveldar med Bibelkunnskap

Brekke sokneråd inviterer til fem samlingar, kl. 19.20 til 21.30, på Brekke bedehus: 5. og 19. oktober, 2., 16. og 30. november.

For meir informasjon, sjå førre kyrkjelydsblad eller brosjyre i kyrkja.

Vis omtanke på gravstaden

Kyrjekontoret har fått reaksjonar frå nokon som har opplevd å vere i ei gravferd, og så står folk og snakkar «høgt» med kvarandre om ting og tang, medan gravferdsseremonien pågår. Dei har opplevd det sårande og respektlaust.

I samband med død, gravferd og gravstad så reagerer vi ulikt, og terskelen for kva ein synest høver seg, er også ulik.

Men ha i tankane at det du seier og gjer, ikkje skal uroe eller vere til sjenanse for andre.

I planen til kyrkja i Gulen står det som ei målsetting at *kyrkjene og kyrkjegardane skal innby til trivsel, ettertanke og ro.*

I eit mangfaldig samfunn skal kyrkjegardane opplevast som ein verdig stad for alle.



Helgemesse

Allehelgensdag er for mange blitt meir ein dag med «knask og knep», utkledding og utskorne graskar-lykter. Men i utgangspunktet er altså Helgemesse, eller Allehelgensdag, ein fest

for alle dei helgenane som ein ikkje har namn på.

På primstaven er helgemesse merka med ein kross eller eit omvendt skip, og er plassert på den 1. november.

Vi feirar dagen første søndag i november.

Den liturgiske fargen er kvit, og det symboliserer at vi gler oss over det dei døde har betydd for oss, og at dei no er hos Gud.

I motsetnad til «Halloween» handlar ikkje Helgemesse/Allehelgensdag om spøkelse og døde menneske som går igjen.

I kristendommen trur vi ikkje på at menneske går igjen, korkje som fortapte sjeler eller som reinkarnerte skapningar. Derimot trur vi at den døde er hos Gud.

Sokneråda i Gulen pleier å invitere dei næraste pårørande til dei som har gått bort sidan siste helgemesse, til kyrkje på Helgemesse, og vi markerer det med lystenning og opplesing av namna i kyrkja.

I år er det gudsteneste i Mjømna kyrkje kl. 11.00 den 6. november.

I tillegg vil kyrkja vere open frå kl. 16.00 til 18.00 på ettermiddagen.

I Gulen kyrkje er det gudsteneste kl. 16.30.

For Brekke sokn vil Helgemesse bli markert i gudstenesta 13.11.

Mange har tradisjon for å besøke gravene, og kanskje kveike lys, på Allehelgensdag. Kombiner det med eit besøk i kyrkja. Vi treng slike stunder til ettertanke, minne og håp i ein travel kvardag.

Utlån av kyrkjene

Det er soknet som eig kyrkja, og soknerådet som bestemmer kven som kan låne/bruke kyrkja. I reglar for bruk av kyrkja så er det lista opp bruksområde som er primære:

- Gudstenester
- Oppbyggelege møte
- Trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk
- Stillhet, ro og bønn
- Omvising og turistbesøk
- Konsertar, utstillingar og andre kyrkjelege og kulturelle arrangement som fell inn under føremålet til kyrkja

I tillegg kan soknerådet ta stilling til søknader om utlån til andre arrangement. Nokre gonger vert det ein søker om, vurdert å vere for langt unna eller i motstrid til det kyrkja forkynner, og då kan soknerådet seie nei. Slike avgjerder har stor grad av skjønn, og kan derfor skape usemje i ei bygd. Derfor er dette vedtak som t.d. skal kunne påklagast etter forvaltningslova.

For ikkje å måtte samle soknerådet på kort varsel når det kjem søknader, så har alle sokneråda bestemt at avgjerd blir delegert til soknerådsleiar og kyrkjevevja. Presten skal vere informert og ha høve til å uttale seg.

Dersom det er usemje, går avgjerda til soknerådet.

Så dersom du tenkjer på å låne kyrkja til noko, kan du ikkje berre spørje om

nøkkelen og ta deg til rette. Du må sende eit spørsmål til kyrkjevevja, så vil du få eit svar. Slik må det vere 😊



Konfirmantplanen

Det er fellesundervising av alle konfirmantane i Gulen.

Dei fleste undervisingstimane er på måndag ettermiddag/kveld, mens det er ei laurdagssamling 4. februar.

Jens Linde er konfirmantprest.

I tillegg er Maren Daae innleigd som medhjelpar og til å ha noko av undervisinga.

Leiren på Alværa blir 17.-19. mars.

Konfirmasjonsgudstenester 2017:
Gulen kyrkje 30. april
Mjømna kyrkje 14. mai
Brekke kyrkje 21. mai

Konfirmantane skal møte på åtte gudstenester i løpet av året, og dei vil få ein del tenesteoppgåver både gjennom soknet og gjennom samarbeid med Frivilligsentralen. Til saman utgjer konfirmantopplæringsplanen 63 timar.

Konfirmantane deltek

I kvar gudsteneste framover er det konfirmantar med, anten med å legge

til rette, som kyrkjevertar, eller dei er tekstlesarar. Det er ein del av konfirmantopplæringa.

No har alle konfirmantane blitt presenterte i kyrkja si.

Nesten alle 9-klassingane i Gulen har i år valt å vere med på kyrkja si konfirmantundervising.

Så «kjære kyrkjefolk»:

TA GODT I MOT DEI!



Teater i Gulen kyrkje

Torsdag 1. desember kjem Sogn og Fjordane teater til Gulen kyrkje med forestillinga «Mirjam, ammen».

Dette er Håvard Rem si gjenforteljing av juleevangeliet.

Forfattaren har skrive stykket med utgangspunkt i Lukasevangeliet, der Miriam, syster til Josef, fortel sin versjon av det som hende då svigerinna hennar, Maria, fødte eit barn.

Miriam fortel om korleis broren Josef forelskar seg i den unge Maria.

Maria blir gravid, og Josef må leve med at det ventande barnet er kome til ved guddommeleg medverknad.

Ei kvinne som vert gravid utanfor ekteskap, vil kunne få dødsdom ved steining, og Josef må ta på seg farskapen for å berge livet til si tilkomande kone.

Den sterke bodskapen i Juleevangeliet skildrar dramatikken rundt fødselen i perspektiv av både religion, historie og identitet.

Forfattar: Håvard Rem

Omsetjing: Asbjørg Lotsberg

Regi: Marit Østbye

Kostymedesign: Else Lund

Lysdesign: Krystian Myska

Medverkande: Idun Losnegård

Foto: Oddleiv Apneseth

Framsyning: Gulen kyrkje, 1. desember

Billetter: Softeater.no/billetter

Velkomen til frivilligfest på Dalsøyra samfunnshus tysdag 25. oktober, kl. 20.00

Arbeidet i kyrkja blir i stor grad utført av frivillige.

Det gjeld dugnader på hus og anlegg, baking til tilstellingar, medhjelparar i gudsteneste og trusopplæring, gjevarteneste, kyrkjelydsbladet og utdeling av det, bønneteneste, besøksteneste, tillitsvalde og mykje meir.

I samband med bispevisitasen vil vi ha ein fest der de alle er inviterte, og vi håpar å fylle opp gymsalen på Dalsøyra skule! Festen er felles for

både Masfjorden og Gulen. Vi lovar godt program. M.a. skal Brekke mannskor syngje.

Det blir kaker og kaffi/te.

Biskopen vil ha eit «ord for kvelden»

Arr: Sokneråda i Gulen og Masfjorden



50-årskonfirmantar i Brekke

Fyrste og andre oktober var det 50-årstreff for konfirmantane i Brekke. Det var Jens G Før Sund som konfirmererte oss den 18 september i 1966, og Audun Systad som hadde gudstenesta søndag 2 oktober. Me stilte opp i kyrkja og tok bilde saman med presten. Det var veldig spesielt. Det same som for 50 år sidan.

På laurdag samlast me 13 av 18 konfirmantar på Brekkestranda.

Leidvin Ness er død .

Me fekk servert nydeleg hjortegryte (lokalt kjøtt).

Me sat ved langbord.

Praten gjekk godt, for me var alle nysgjerrige på kvarandre.

I kyrkja sat me tett saman på to benkerader. Det tyder på at det betydde mykje for oss å vera i lag

Bildet: Bak frå venstre: Åge Ynnesdal, Margunn Takle, Ottar Asheim, Audhild Botnen Schaatun, Kjell Oppedal, Ellen Brekken og Egil Nyheim. Framme frå venstre: sokneprest Audun Systad, Reidun Asheim Langesæter, Grete Høydal, Oddhild Engesæter, Anne Haldis Instefjord og Solfrid Wergeland.

Helsing Anne Haldis Instefjord

Visitagudsteneste i Gulen kyrkje 30.10.

Som avslutning på bispevisitasen blir det festgudsteneste i Gulen kyrkje.

Gudstenesta tek til kl. 11.00, men vi startar ved krossen (Krossteigen) kl. 10.30, og har «pilegrimsvandring» til kyrkja.

Etter gudstenesta er det enkel kyrkje-kaffi i kyrkja, og deretter visitasforedrag v/ Biskop Halvor Nordhaug. Songkoret «Spleis» blir med, og kanskje eit nystarta barnekor for Gulen og Masfjorden.

Viss det ikkje høver å kome til visitagudstenesta, eller du har lyst å ha med deg fleire gudstenester, så er det to sjansar til under visitasen:

Byrknes bedehuskapell onsdag 26.10. kl. 14.00: familiegudsteneste

Frøyset kyrkje torsdag 27.10 kl. 13.00: gudsteneste der alle pensjonistlaga i kommunane er spesielt inviterte.



Benker til kyrkjegarden

Marine Harvest Fondet har sponsa seks parkbenker, som no er plasserte på Brekke og Oppedal kyrkjegardar. Her blir dei overleverte frå Marine Harvest v/Haldor Haugsdal til soknerådsleiar Cathrine W. Tveit. Benkene er av solid hardplast og utan vedlikehaldsbehov. Dei vil bli ståande ute heile året. Sokneråd og bygdefolk takkar for gáva, og har allereie teke ho i bruk!

Tusen takk

Tusen takk for all deltakelse, blomsterhelsingar og pengegaver i anledning Trygve Steintun sin begravelse.

Ragnhild m/ familie

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for all omtanke, blomsterhelsingar og deltaking ved vår kjære mor, bestemor og oldemor, Aslaug Jørgine Atterås sin bortgang. *Helsing Marit, Leikny, Hallvard og Hildegunn med familiar.*

Nytt frå kyrkjelydane

Døpte

MJØMNA SOKN:

18.09.16: Emily Haugen Kveim. For.: Annette Kristin Haugen og Thorbjørn Dobie Kveim (busette i Bergen).

BREKKE SOKN:

02.10.16: Elisabeth Sætre Vagstad. For.: Line Sætre og Lars Magnar Vagstad.

02.10.16: Vegard Østerbø. For.: Kristin Myren og Bård Østerbø. (Busette i Ikjefjord)

Døde:

BREKKE SOKN:

23.08.16: Gunnar Hjartholm, f. 1940.

06.09.16: Kristine Sætevik, f. 1925.

11.09.16: Torill Hjartholm, f. 1947.

14.09.16: Gunhild Mjømen, f. 1925.

04.10.16: Magnar Ledvin Sætre, f.1951.

GULEN SOKN:

26.08.16: Anny Søreide, f. 1915.

29.09.16: Bergliot Kamilla Haveland, f. 1926.





KYRKJEKALENDEREN

NB! Kan bli endringar i gudstenestelista. Følg med i lokalavisene, på oppslag, på nettsidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.

23.10., 23.s. i treeiningstida:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Utdeling av bok til 4- og 6-åringar.
Offer: Eige arbeid.

23.10., 23. s. i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Jens Linde.
Utdeling av bok til 4- og 6-åringar.
Offer: Sundagsskulen.

30.10., Bots-/bønnedag: **Visitagudsteneste i Gulen kyrkje kl. 11.00** v/biskop Halvor Nordhaug, Geir Sørebø, Audun Systad, Bjørn Magne Hansen, Jens Linde. Offer.

06.11., Helgemessesøndag:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Offer: Kirkens bymisjon.
kl. 16.00-18.00: Open kyrkje.

06.11., Helgemessesøndag:
Gulen kyrkje kl. 16.30 v/Jens Linde.
Offer: LEVE.

13.11., 26. s. i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde
Offer: Norsk lærarakademi.

20.11., Domssøndag/Kr. kongedag:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Geir Sørebø. Offer: Alværa.

27.11., 1. søndag i advent:
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Offer: Søndagsskulen.

04.12., 2. s. i advent: Gudsteneste i samband med juleverkstad:
Risnehall, Brekke, kl. 15.30 v/Jens Linde. Offer: Eige arbeid.
(Adventsverkstaden tek til kl. 13.00.)

11.12., 3. s. i advent:
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Jens Linde.
Offer: Alværa.

11.12., 3. s. i advent: Adventskonsert
Mjømna kyrkje kl. 16.30. Offer: Eige arbeid.

Laurdag 17.12.: Adventskonsert
Brekke kyrkje kl. 16.00. Offer: Eige arbeid.

18.12., 4. s. i advent: Vi syng jula inn.
Gulen kyrkje kl. 16.00. Offer: Eige arbeid.

24.12., julaftan: (NB! Kan bli endringar. Sjå oppslag.)
Mjømna kyrkje kl. 13.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Kirkens nødhjelp.

Brekke kyrkje kl. 14.00 v/Jens Linde.
Offer: Kirkens nødhjelp.
Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Jens Linde.
Offer: Kirkens nødhjelp.

25.12., 1. juledag:
Gulen kyrkje kl. 12.00 v/Jens Linde.
Offer: Kirkens bymisjon.

26.12., 2. juledag:
Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Jens Linde. Offer: Eige arbeid.

31.12., Nyttårsaftan:
Brekke kyrkje kl. 23.00 /Jens Linde.
Offer: Kirkens sosialteneste.